



Høyanger kommune



Handlingsplan for eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø 2025 - 2029

| | |
|--|----|
| Innleiing | 3 |
| Definisjonar (*) | 3 |
| Trygt og godt barnehagemiljø..... | 3 |
| Nulltoleranse..... | 3 |
| Utestenging..... | 4 |
| Mobbing..... | 4 |
| Vald | 4 |
| Diskriminering..... | 4 |
| Trakassering | 4 |
| Krenkingar | 4 |
| Rolla som barnehagemynde og barnehageeigar (*) | 5 |
| Det førebyggande arbeidet..... | 6 |
| Høyanger kommune som barnehageeigar skal : | 6 |
| Høyanger kommune som barnehagemynde skal: | 6 |
| Aktivitetsplikta | 6 |
| Høyanger kommune som barnehageeigar skal: | 6 |
| Høyanger kommune som barnehagemynde skal: | 7 |
| Skjerpa aktivitetsplikt..... | 7 |
| Høyanger kommune som barnehageeigar skal : | 7 |
| Høyanger kommune som barnehagemynde skal: | 7 |
| Handlingsplan | 8 |
| Prosedyre 1 : | 9 |
| Prosedyre 2 : | 9 |
| Vedlegg | 10 |
| Vedlegg 1: Årshjul | 10 |
| Vedlegg 2: Risikovurdering trygt og godt barnehagemiljø i Høyanger kommune | 11 |
| Vedlegg 3: Tilsett si eiga vurdering av psykososialt barnehagemiljø | 12 |
| Vedlegg 4: Opplæring av tilsette | 13 |
| Vedlegg 5: Skjema for varsling av uønska åtferd (Barnehagelova § 41 og § 42) | 13 |
| Vedlegg 6: Mal tiltaksplan | 14 |
| Vedlegg 7: Mal Loggføring | 15 |



Innleiing

Alle barn har rett på eit trygt og godt psykososialt miljø i barnehagen og barnehagen skal sørge for dette gjennom helse, trivsel, leik og læring.

Barnehagen har plikt til å jobbe førebyggande og det vil seie at dei tilsette alltid skal jobbe for at barna har et trygt og godt barnehagemiljø.

Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål.

Det er barnet si eiga oppleveling som skal leggast til grunn når barnehagen skal ta stilling til om barnet har eit trygt og godt barnehagemiljø. Barnet har ein sjølvstendig rett til å bli høyrte og barnehagen treng difor ikkje samtykke fra foreldra for å snakke med barnet.
(henta frå udir.no; Artikkel Rettigheter og plikter for et trygt og godt barnehagemiljø)

Denne planen skal sikre at alle som arbeider i barnehagen har tilstrekkeleg kunnskap til å jobbe førebyggande for eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. Planen skal sikre at personale i barnehagane har kunnskap om aktivitetsplikta, om kva handlingar og ytringar som vert rekna som krenkingar og korleis ein kan gripe inn på ulike måtar.

Definisjonar (*)

Trygt og godt barnehagemiljø

Eit trygt og godt barnehagemiljø er ein stad der barna føler seg trygge, respekterte og sett. Det er eit miljø der barna kan vere seg sjølve, leike, lære og utvikle seg utan å vere redde for mobbing, diskriminering eller urettferdig behandling. Det handlar om både fysisk tryggleik og psykososial tryggleik, det vil seie at barna føler seg gode vennar med andre barn og har positive relasjoner til vaksne.

I eit trygt og godt barnehagemiljø får barna støtte og omsorg frå vaksne som bryr seg om deira velvære. Det er også eit miljø der barna lærer å samarbeide, dele og vise omsorg for andre.

Nulltoleranse

Det betyr at noko ikkje blir akseptert eller tolerert på noko som helst måte. I barnehagar og skular betyr det at visse åtferder, som mobbing, vold eller diskriminering, ikkje blir tolerert i det heile teke. Dette inneber at det skal vere klare reglar og handlingar for å stoppe slik åtferd med ein gong den oppstår.

Med nulltoleranse vil ein sørge for at alle barn føler seg trygge, respekterte og inkluderte, og at ingen skal oppleve mobbing eller andre negative handlingar. Alle i barnehagen, både barn og vaksne, skal vere med på å skape eit positivt og trygt miljø.

Utestenging

Utestenging betyr at ein person eller ei gruppe blir haldne utanfor eller ikkje inkludert i fellesskapet. Det kan vere at andre barn ikkje vil leike med ein, eller at ein blir ignorerte eller gjort narr av. Utestenging skjer ofte på ein sosial måte, der ein person blir ekskludert frå aktivitetar eller samtalar, og det kan vere veldig sårande for den det gjeld.

Mobbing

Mobbing er når nokon blir plaga, uthengt eller skada over tid, enten fysisk eller psykisk. Det kan vere at nokon blir erta, gjort narr av, eller utsett for urettferdig behandling gjentatte gonger. Mobbing skjer ofte over lengre tid, og den som blir mobba, føler seg usikker og kanskje redd. Mobbing kan skje i barnehagen, på skulen eller andre stadar, og det kan gjelde både ord og handlingar.

Vald

Vald betyr å bruke fysisk makt på ein måte som skadar ein annan person. Det kan vere slag, spark, dytting eller andre handlingar som gir smerte eller skade. Vald kan òg vere truande åfjerd som skapar frykt. Vald er ikkje akseptabelt, og det kan få alvorlege konsekvensar for den som utset andre for vald og for den som blir utsett for det.

Diskriminering

Diskriminering er når nokon blir behandla urettferdig eller därleg på grunn av noko dei ikkje kan kontrollere, som for eksempel kjønn, alder, hudfarge, religion, funksjonsevne eller nasjonalitet. Det betyr at nokon blir sett til sides eller behandla annleis enn andre på grunn av desse eigenskapane, og det er ulovleg.

Trakassering

Trakassering er når nokon blir plaga eller utsett for uønskte handlingar eller kommentarar over tid. Dette kan vere både fysiske handlingar, som å ta på nokon utan lov, eller verbale, som stygge kommentarar eller mobbing. Trakassering skapar eit ubehageleg miljø for den som blir utsett for det, og det er ikkje akseptabelt.

Krenkingar

Krenkingar er når nokon blir behandla på ein respektlaus eller sårande måte. Det kan vere å bli forulempa, gjort narr av, eller utsett for urettferdig behandling. Krenkingar kan skje med ord eller handlingar og kan få folk til å føle seg mindreverdige eller usikre.

Rolla som barnehagemynde og barnehageeigar (*)

Barnehagemynde har ansvar for å sikre at barnehagane følger lover og reglar og gir eit godt tilbod til barna. Dette omfattar mellom anna å sørge for at barnehagane har høg kvalitet, er trygge og følgjer nasjonale reglar.

Psykososialt barnehagemiljø handlar om korleis barna har det i barnehagen sosialt og emosjonelt. Det inneber barna sine relasjoner med andre barn og vaksne, samt korleis barna føler seg trygge, sett og respekterte.

Barnehagemynde stiller krav til at barnehagane skal skape eit godt psykososialt miljø. Dette inneber at barnehagen skal arbeide aktivt med å førebyggje mobbing, diskriminering og utesetjing. Barna skal ha ein trygg stad å vere, der dei kan utvikle gode vennskap og føle seg inkluderte.

Barnehagane må òg ha eit system for å følgje med på barna sin trivsel og handle dersom det oppstår problem. Dette kan vere gjennom samtalar med barna, samarbeid med foreldra og tilsyn frå kommunen.

Barnehageeigar har ansvaret for at barnehagen blir drive på ein god måte. Dette betyr at barnehageeigar skal sørge for at det er trygge og gode forhold for barna, og at barnehagen følgjer lovene og reglane som gjeld. Barnehageeigar kan vere kommunen, ein privat aktør eller ei stifting.

Psykososialt barnehagemiljø handlar om korleis barna har det med andre barn og vaksne i barnehagen. Det inneber at barna skal føle seg trygge, bli sett pris på og respekterte. Dei skal også få utvikle gode relasjoner og vennskap. Eit godt psykososialt miljø er viktig for barnas trivsel og utvikling.

Barnehageeigar har ansvar for at barnehagen jobbar aktivt med å skape eit trygt og inkluderande miljø. Dei skal sørge for at barnehagen har rutinar for å førebyggje mobbing, diskriminering og utesetjing. Eigar har også ansvar for at dei tilsette får nødvendig opplæring og støtte for å møte barnas behov på ein god måte.

Slik arbeider barnehagemynde, barnehageeigar og barnehagane saman for å sørge for at barn både har det bra sosialt og emosjonelt i barnehagen.

(*skrive av kunstig intelligens og kontrollert av barnehagemynde)

Det førebyggande arbeidet

§41 - Nulltoleranse og førebyggande arbeid

Barnehagen skal ikkje godta krenking som for eksempel utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når eit barn i barnehagen vert utsett for slike krenkingar (Barnehagelova).

Barnehageeigar har ansvar for at lova blir fulgt og barnehagemynde skal rettleie og føre tilsyn med dette.

Høyanger kommune som barnehageeigar skal :

-sikre at personalet grip inn når eit barn opplev å bli stengt ute frå leik og aktivitetar, utsett for mobbing, vald, diskriminering eller trakassering av andre barn eller vaksne

-syte for at personalet heile tida arbeider for at barn skal ha eit trygt og godt barnehagemiljø

-etablere faste rutinar saman med refleksjonsarbeid og pedagogisk praksis i alle barnehagane. Barnehagane skal ha skriftlege rutinar og eigar må få referat frå møte, der ein gjev tilbakemelding på refleksjonsarbeid og den pedagogiske praksisen i barnehagane.

Høyanger kommune som barnehagemynde skal:

-Føre tilsyn med barnehagane for å kontrollere at personalet eller barnehageeigar grip inn dersom eit barn i barnehagen vert utsett for krenkingar.

-Gjennom tilsyn, kontrollere korleis barnehagen jobbar med å sikre eit trygt og godt barnehagemiljø, at barnehagen jobbar med førebygging og at barnehagen kontinuerleg jobbar med å fremme barna si helse, trivsel, leik og læring.

Aktivitetsplikta

§ 42 Plikt til å sikre at barnehagebarna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt).

Alle som arbeider i barnehagen, skal følgje med på korleis barna i barnehagen har det. Alle som arbeider i barnehagen, skal melde frå til barnehagen sin styrar dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Styraren skal melde frå til barnehageeigaren i alvorlege tilfelle (Barnehagelova).

Høyanger kommune som barnehageeigar skal:

- Alle som arbeider i barnehagen må følgje med på at alle barna har det bra.
- Personalet må ha felles forståing for kva krenkande åtferd er.
- Personalet må vere tett på barna i leik og aktivitetar for å kunne fange opp åtferd som kan utvikle seg til mobbing.
- Dersom ein vaksen får kjennskap til eller mistenkjer at eit barn vert krenka, plaga eller ikkje har det bra, skal den vaksne:
 - gripe inn/stoppe krenkinga med ein gong
 - undersøke kva som har hendt
 - sette inn tiltak og lage ein plan
 - å følgje med, er ein føresetnad for om vaksne får kjennskap til at eit eller fleire barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø.
 - plikta til å følgje med og melde i frå gjeld for alle tilsette i barnehagane uavhengig om ein er tilsett fast, mellombels, heiltid eller deltid, eller kven som er arbeidsgjevar.

Det skal vere låg terskel for å melde frå til styrar. I alvorlege tilfelle skal styrar melde frå til barnehageeigar.

Høyanger kommune som barnehagemynde skal:

- Føre tilsyn med den einskilde barnehage for å kontrollere at personalet eller barnehageeigar følger med på korleis barna har det.
- Kan kontroller kva barnehagen gjer når den mistenker eller får kjennskap til at eit barn i barnehage ikkje har det trygt og godt, og kva tiltak barnehagen då set inn.

Skjerpa aktivitetsplikt

§43 – Skjerpa aktivitetsplikt

Den som arbeider i barnehagen, skal melde frå til styrar ved ein kvar mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider i barnehagen utset eller har utsett eit eller fleire barn for krenksar. Andre ledd pålegg dei som arbeider i barnehagen å melde frå til barnehageeigar dersom die har mistanke om eller kjennskap til at styrar krenka eller har krenka eit eller fleire barn (Barnehagelova).

Å krenke eit barn er i strid med tilsette i barnehagen si rolle og ansvar og er eit grovt brot på tillit og heilt uakseptabel åtferd.

Tilsette skal melde i frå til styrar om dei får kjennskap til eller mistenker at ein kollega krenker barn. Det er ingen nedre terskel for plikt til å melde frå. Styrar melder frå til barnehageeigar og/eller barnehagemynde direkte. Handlingsplika gjeld og undersøking av tiltak skal settast i verk straks. Tiltak retta mot den tilsette vert styrt av arbeidsrettslege reglar.

Høyanger kommune som barnehageeigar skal :

Dersom ein som arbeider i barnehagen får kjennskap til at ein kollega krenker eit barn, skal dette straks meldast til styrar. Det kan og meldast til barnehageeigar.

Høyanger kommune som barnehagemynde skal:

-Kontrollere gjennom tilsyn

-kontrollere kva barnehagen gjer når den mistenker eller får kjennskap til at eit barn ikkje har det trygt og godt, og kva tiltak barnehagen set inn.

Handlingsplan

Handlingsplan ved mistanke om/kjennskap til brot på barnehagelova § 41,42,43.

Aktivitetsplikt - gripe inn, varsle, undersøke, sette i verk tiltak, følge med vidare og evaluere

| Situasjon/handling | Ansvar | Når | Utført |
|--|--|--|--------|
| Mistanke om eller kunnskap om brot på § 41 skal rapporterast til styrar Bruk skjema for varsling NB! Barnet si subjektive oppleving | Den som har mistanke/kunnskap om at eit barn ikkje har det trygt og godt | Same dag | |
| Barnehagen set i gong undersøking | Styrar | Same dag/snaraast råd | |
| Samtale med barnet dersom alderen tilseier det, pedagogisk leiar må takast ut frå avdeling og vikar settast inn om det er behov | Pedagogisk leiar og styrar | Same dag | |
| I alvorlege tilfelle skal kommunalsjef oppvekst varslast | Styrar | Same dag | |
| Samtale enkeltvis med den eller dei som er årsak til at barnet ikkje har det trygt og godt dersom alderen tilseier det | Styrar og pedagogisk leiar | Same dag/snaraast råd | |
| Kontakte føresette til barnet som føler seg krenka - Informasjon - Kva skjer vidare? - Kalle inn til samtale | Styrar | Same dag/snaraast råd | |
| Informere resten av avdelinga, vere tettare på, observere, gje tilbakemelding til pedagogisk leiar | Pedagogisk leiar | Snaraast råd | |
| Informere den/dei andre avdelinga/ane, vere tettare på, observere aktuelle involverte barn, gje tilbakemelding til pedagogisk leiar | Styrar og pedagogisk leiar | Snaraast råd/pedagogleiarmøte | |
| Kontakte føresette til den/dei som krenkjer/har krenka - Informasjon om situasjonen - Kva skjer vidare? - Kalle inn til samtale | Styrar | Same dag eller etter vurdering | |
| Samtale med andre for å få meir informasjon - Lage tiltaksplan - Arkiver i sikker sak | Styrar | Snaraast råd | |
| Informere kommunalsjef oppvekst om at tiltaksplan er laga | Styrar | | |
| Dokumentere skriftleg kva som vert gjort for å overhalde aktivitetsplikta – arkiver i sikker sak | Styrar | Snaraast og når dei ligg føre | |
| Eventuelt vidare reaksjonar - Dialog med føresette etter deira initiativ - Eventuelt melde til politi (ved alvorlege hendingar) Styrar melder til kommunalsjef oppvekst. | Føresette og styrar | | |
| Evaluere tiltak, tiltak skal setjast i verk til eleven opplever miljøet som trygt og godt | Styrar | Tidspunkt vert sett fast i tiltaksplanen | |
| Ved gjentaking av krenking, ny evaluering og ny tiltaksplan | Styrar, pedagogisk leiar, barnet og føresette | Ved mistanke om at krenkinga held fram | |



Prosedyre 1 :

Gjeld alle tilsette i barnehagen.

Ved kjennskap til eller mistanke om at eit barn vert utsett for krenkande ord som utesenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering har alle tilsette handlingsplikt.

Kven: Alle tilsette

Kva: Alle tilsette skal reagere på:

- Aggressiv/negativ ikkje akseptabel åtferd
- Barn som er mykje åleine/sosialt isolerte både inne og ute
- Tilsette som opptrer krenkande overfor barn
- Utestenging
- Mobbing av alle slag
- Slåssing

Handling:

Alle tilsette skal:

1. Undersøkje saka og om mogleg gå inn og stoppe pågående aktivitet
2. Varsle styrar, eller pedagogisk leiar om styrar ikkje er til stades, om hendinga og registrere den på skjema for varsling som skal leverast til styrar (skjema vedlegg 4).

Prosedyre 2 :

Gjeld barnehageleiinga

Barnehageleiinga si handtering av varsling om krenkande ord som utesenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Kven: Styrar eller den som har ansvar når styrar er borte

Kva: Ein tilsett i barnehagen varsler om hending som krev handlingsplikt

Handling:

1. Den tilsette varsler styrar/den som har styraransvar.
2. Styrar registrera varslinga og drøftar den med varslar.
3. Styrar informerer partane; barnehageeigar, føresette, barn (når alder tilseier det) og pedagogisk leiar om vidare saksgang.
4. Dersom det vert avdekkja at barnet sin rett til godt barnehagemiljø (§ 42) ikkje vert oppfylt, skal barnehagen si leiing sørge for at saka vert følgjt opp på ein slik måte at barnet sin rett til eit trygt og godt miljø vert tilfredsstilt.
5. Lage tiltaksplan (vedlegg nr 5)
6. Styrar fattar vedtak og følgjer opp.



Vedlegg

Vedlegg 1: Årshjul

Faste tiltak for å sikre eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø

For å vere sikker på at alle har eit trygt og godt psykososial barnehagemiljø krevast det systematisk jobbing og gjennomføring av ulike tiltak. I Høyanger kommune sine barnehagar gjennomfører vi desse tiltaka i løpet av barnehageåret:

| Tiltak | Ansvar | Når |
|--|-------------------|-------------------------|
| Gjennomgang av handlingsplanen i personalgruppa inkl. vaktmeister og reinhalar | Styrar | Haust - løpende |
| Gjennomgang av saker om psykososialt barnehagemiljø på møter | Styrar | Haust |
| Gjennomgang av handlingsplan med alle vikarar og nytilsette | Styrar | Ved behov |
| Barna vert informert om trygt og godt barnehagemiljø (eks barnehagelova) | Styrar/ ped.leiar | Haust |
| Informasjon om handlingsplanen på foreldremøte | Styrar/ ped.leiar | Haust |
| Gjennomføre barnehagen si eigenvurdering - psykososialt barnehagemiljø (vedlegg 2) | Styrar | Vår |
| Kartlegge relasjoner barn – barn | Ped.leiar | Kontinuerleg |
| Kartlegge relasjoner tilsett – barn | Ped.leiar | Kontinuerleg |
| Barnesamtalar | Ped.leiar | Kontinuerleg |
| Foreldresamtalar | Ped.leiar | Haust, vår og ved behov |
| Foreldreundersøking | Styrar | Januar kvart år |

Vedlegg 2: Risikovurdering trygt og godt barnehagemiljø i Høyanger kommune

Barnehagen si eigenvurdering av eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø
Skjema skal fyllast ut minst ein gong kvart år og sendast barnehagemynde.

| Risiko område | Kva kan skje | Svar | Uønska hending og manglende gjennomføring | Vurdering |
|--|--------------|------|---|-----------|
| 1.Korleis har barnehagen informert føresette om gjeldande rutinar for trygt og godt barnehagemiljø inneverande barnehageår? | | | | |
| 2. Informasjon til føresette om høve til å melde bekymring/klage til barnehagemynde? | | | | |
| 3. Informasjon frå barnehagen kjem via visma | | | | |
| 4.Kor mange henvendingar inneverande barnehageår ? | | | | |
| 5. Kor mange tiltaksplanar inneverande barnehageår ? | | | | |
| 6.Korleis vurdere tal tiltakssplanar opp mot bestemming i barnehagelova kap.8 | | | | |
| 7.Har leiar informert barnehageeigar om meldingane? | | | | |
| 8.Kor mange meldingar har leiar fått vedrørande bekymring om at ein voksen kan ha krenka eit barn? | | | | |
| 9.Kva er barnehagen sin praksis når ein foreldre/føresett tek kontakt og opplyser om at barnet ikkje trivast i barnehagen. | | | | |
| 10.Gjer greie for kva som er barnehagen sin praksis når ein tilsett vert usikker på om eit barn har det greitt i barnehagen. | | | | |
| 11.Kva undersøkande aktivitet har barnehagen iverksett for å undersøke barnet/barna sitt barnehagemiljø? | | | | |
| 12. Kva tiltak har barnehagen iverksett når ein er gjort merksam på at eit eller fleire barn har eit utrygt barnehagemiljø? | | | | |
| 13.Vurdering av barnehagen sin kompetanse. | | | | |

Barnehage :

Dato :

Behov for kompetanseheving:

Vurdering av behov for rettleiing:

Riskovurdering og grunnlag for å vurdere rettleiing eller tilsyn:
(vert fylt ut av barnehagemynde)

Vedlegg 3: Tilsett si eiga vurdering av psykososialt barnehagemiljø

Vurderinga blir gjort innanfor ein skala frå 1-9, der 1 er «dårleg» praksis og 9 er «god» praksis. Til internt bruk.

| Skala 1-9, sett kryss i den ruta du meiner passar for din veremåte/ praksis | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 | 8 | 9 |
|---|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|
| Spørsmål: | | | | | | | | | |
| Eg er støttande til initiativ frå alle barn | | | | | | | | | |
| Samspelet mitt med barna er prega av dialog med opne spørsmål – ikkje av meldingar og kontroll mot einskilde barn | | | | | | | | | |
| Eg tek del i rollelek saman med barna | | | | | | | | | |
| Eg er aktiv og til stades saman med barna | | | | | | | | | |
| Eg ser alle barn, ingen vert oversett | | | | | | | | | |
| Når barna sluttar i barnehagen vil alle seie at dei følte seg sett og hørt | | | | | | | | | |
| Eg gjev alle barn positiv merksemd | | | | | | | | | |
| Eg høyrer på alle barn sine utgreiingar i konfliktar | | | | | | | | | |
| Eg grip inn når nokon vert utestengde | | | | | | | | | |
| Eg melder frå til styrar dersom eg ser/høyrer ein kollega krenker eit barn | | | | | | | | | |
| Eg tek kontakt med alle barn. Det er aldri nokon eg ikkje ønsker å ha kontakt med | | | | | | | | | |
| Eg er ein god rollemodell for barna | | | | | | | | | |
| Eg er motivert for jobben min i barnehagen | | | | | | | | | |
| Eg har lik tolmod med alle barn | | | | | | | | | |
| Eg møter alle familiar med respekt og likeverd | | | | | | | | | |

Vedlegg 4: Opplæring av tilsette

Opplæring av tilsette i høve til Barnehagelova § 42 og 43, aktivitetsplikta til personalet ved barnehage.

- Alle tilsette ved barnehagen som gjennom sitt arbeid kjem i kontakt med barn, skal sette seg inn i lovverket knytt til aktivitetsplikta.
 - Opplæringa skal finne stad på planleggingsdagane før nytt barnehageår og minnast om ved personalmøte i januar.
 - Opplæringa skal registrerast skriftleg på arbeidsplassen:
 - Styrar er ansvarleg for opplæring av pedagogar, fagarbeidarar og assistenter.
 - Styrar er ansvarleg for opplæring av personale tilsett i eining for bygg og eigedom.
 - Opplæringa skal gjennomførast ved start kvart barnehageår, som fast rutine for nyttilsette og umiddelbart etter tilsetjing av personale på andre tider av året.

Eg stadfester med dette å ha fått opplæring i aktivitetsplikta:

Styrar

Verneombod

Vedlegg 5: Skjema for varsling av uønska åtferd (Barnehagelova § 41 og § 42)

Dersom nokon som er tilsett i barnehagen, får kunnskap om eller mistanke om at barn blir utsett for krenking av noko slag, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle styrar, og dersom det er nødvendig og mogeleg, sjølv gripe inn. Dersom styrar er den som krenkar, skal skjema til kommunalsjef oppvekst.

Barnet sitt namn:

Avdeling:

Tidspunkt:

Kvar skjedde handlinga?

.....
.....
.....

Kort skildring av kva som hende:

Kva har du gjort? Kven har du informert?

Dato:

Underskrift varslar:

Vedlegg 6: Mal tiltaksplan barnehage

Barnehagen set inn desse tiltaka: **Ansvarleg** **Tid**

| | | |
|--|---|--|
| <i>Eks : Vaksne skal fordele seg i dei ulike romma inne</i> | <i>Alle tilsette i barnehagen</i> | |
| <i>Eks : Det er alltid vaksne ute i barnehagen</i> | <i>Alle tilsette i barnehagen</i> | |
| <i>Eks : Lage relasjonsskapande aktivitetar saman med barna</i> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Plassering i garderobe</i> • <i>Deling i grupper</i> • <i>Under leik</i> | <i>Pedagogisk leiar, resten av dei tilsette</i> | |
| <i>Eks : Samle barna på fritida</i> | <i>Føresette</i> | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |

Dato:

Stad:

Underskrift

Vedlegg 7: Mal Loggføring

Aktivitetsplikt § 42 og 43

Styrar har ansvar for at det blir ført loggbok med dato, skriftleg og munnleg informasjon



Namn: _____

**Meldingar og beskjedar som blir gjeve, skal skrivast ned og oppbevarast.
Dokumentet skal oppbevarast som journalnotat i sikker sak.**